



Haugland er plagd av skadedyr. Her er Haugland-karane i gang med slaktinga i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det nye forslag om minsteareal er ikkje noko løysing på problemet for Haugland jaktvald i Uskedalen. Det er kun ei lita justering, held jaktvaldet fram i ei uttale til kommunen.

Lars Haugland går inn for at minstearealet skal settjast lenger ned, helst til 300 for dei valda med store plager, og kanskje bør ein dela meir enn berre sør og nord for Hardangerfjorden. Forslaget er 400 dekar nord for fjorden og 500 dekar for resten av kommunen og fristen for å koma med merknader er 10. juli.

Haugland har i mange år hatt uakseptable skader i jordbruket, men det har ikkje vore vilje i viltforvaltninga til å hjelpa dei. Valdet har prøvd å få ekstra skadedyr, men det har mangla lovheimel. Dei har prøvd å få til storvald utan at det let seg gjennomføra. Dei har også prøvd å få redusert minstearealet men det vart istaden auka i 2006.

I åra frå 2000 til 2006 har dei fått tildelt og skote 17 dyr kvart år. I 2007 fekk dei berre 15 dyr. I desse åra har dei ikkje klart å ta ut tilveksten i hjortestamma og med dn nye forskrifta vil dei truleg få tildelt 20 iår.

Valdet håpar det er vilje i kommunen til å hjelpa innbyggjarar som kvart år tapar store beløp på grunn av hjorten. Dette er viktigare enn at Kvinnherad skal vera den største hjortekommunen i landet og redselen for at det poppar opp mange småvald ved nedjustering av minstearealet.

Haugland peikar på at viltfoirvaltar Varanes sjølv har slått fast at det er for mykje hjort i kommunen, og då bør vel reduksjonen komma der plagene og stamma er størst. For mykje hjort er ikkje bra for hjorten, trafikanten og bonden, held Haugland fram.

Han har også søkt om felling av 5-6 skadedyr før jakta. Den siste veka har det kvart kveld ved 22-23-tida kome opptil fem-seks hjort og beita på innmarka hans. Truleg er det fleikre skadedyr seinare på natta og på andre bøar rundt i valdet.

- Vi ønskjer ikkje å dela vinterforet med desse dyra, skriv Haugland.

Av Ola Matti Mathisen